

GUTELAGET, 1977.

For første gong har Osterøy hatt to lag med i same aldersklasse. Resultatmessig lag dei to gutelaga og kjempa i kvar sin ende av tabellen heile sesongen.

Laga opna serien med å møta kvarandre innbyrdes, noko som gav 7-0 siger til gutar I.

Dei held fram i same stilen gjennom heile sesongen med få unntak. 12-0 over Vaksdal var det største resultatet. Diverre la gutane for dagen at dei ikkje meistra små og smale baner, noko som resulterte i uavgjort både mot Eidsvåg II og Fana II.

Ved ferien lega Osterøy tabellen med knapp margin til Baune og Arna.

Første kampen i haust var mot Baune, og ende 1-1. Helga etter forsvann sjansane til avd. meistaraskap då Osterøy tapte 1-2 for Arnapå bortebane. Dermed kom Osterøy på 2.plass på tabellen etter Baune.

II.laget har hatt ei rad med store nederlag. Laget har stort sett berre 1.års gutespelarar, og fekk vanskar med å hevda seg. Likevel opplevde dei nokre få triumfar som er verd å nemna. 1-0 over Samnanger, 1-0 over Sandviken II og 0-0 mot Fana II.

Det vert spelarane på gutar II som vil danna stammen på neste års gutelag. Mellom dei som utgjorde I.laget er det berre Dag Einar Solberg og Björn Teigland som vert å finna på gutelaget neste sesong.

Skallein trekkja fram nokon på det jamne laget kjem ein ikkje utanom Arve Solberg som har vore på fleire kretlagssamlingar. Ivar Solberg høyrer nok til dei fremste midtstopparane i vårt distrikt. Ellers var Karl Henrik Svensson den store goalgettaren i vårsesongen ved å score 15 seriemål.

Henning Kollvangsnes og Ivar Solberg spela alle kampene for gutar I, Stein Arve Hatland og Anders Revheim på gutar II. Eirik Gudmundsen fekk med seg flest kampar totalt.

I august var gutane på ein vellykka 4 dagars tur til Førde for å lada opp til haustkampene under leiding av Björn Helle og underteikna.

Neste helg set gutelaget den endelege sluttstreken for i år ved å ta del i Brann cupen.

Jo Are Vik,
Trenar og lagledar.

SERIEKAMPAR OG MÅL 1977.

Gutar I

Henning Kollvangsnes 12 (2)
 Ivar Solberg 12 (2)
 Eirik Gudmundsen 11
 Dag Einar Solberg 11
 Karl Henrik Svensson 11(15)
 Per Helge Svensson 11 (6)
 Svein Atle Kleppe 11(4)
 Olav Loftås 10 (4)
 Jan Ingar Markussen 8
 Arve Solberg 8 (6)
 Björn Teigland 7 (1)
 Kåre Bognøy 6
 Jan Arve Johannessen 6
 Kurt Hannisdal 6 (1)
 Frode Kallekleiv 5
 Ove Hannisdal 3
 Carl Tösse 3 (1)
 Kjetil Hagenes 1
 Nils Edwardsdal 1

Gutar II

Stein Arve Hatland 13 (2)
 Anders Revheim 13
 Roger Lillejord 11
 Rune Kallekleiv 11
 Frode Kallekleiv 10
 Jan Arve Johannessen 9
 Ove Hannisdal 9
 Olav Jacobsen 8
 Olav Steinar Kleiveland 6
 Leif Arne Marøy 5 (2)
 Kåre Drangevåg 5
 Jan Ingar Markussen 5
 Kjetil Hagenes 5
 Dag Einar Solberg 5
 Eirik Gudmundsen 5
 Kurt Hannisdal 4 (1)
 Henning Kollvangsnes 4
 Carl Tösse 3
 Kåre Solberg 3
 Mons Kjetil Vevle 3
 Per Helge Svensson 2
 Kurt Olav Helle 2
 Björn Tore Gjerstad 2
 Olav Loftås 1
 Kåre Bognøy 1
 Nils Edwardsdal 1
 Øystein Greve 1
 Frode Tveiten 1
 Atle Hagebö 1
 Svein Arve Presttun 1